Postboks 162, 6821 Sandane
Telefon 57 86 63 49
Telefaks 57 86 61 75
E-post: sof@normisjon.no
Giro: 3000.14.71186
Org.nr. 971 569 581

normisjon
region sogn og fjordane

Til foreiningar i Normisjon, lokallag i
Acta, kontaktpersonar og
direktemedlemar i Normisjon og
Acta region Sogn og Fjordane

Sandane: 28.02.20

HJARTELEG VELKOMMEN TIL

Regionårsmøte på Sunnfjord folkehøgskule 28.mars 2020

Vi ønskjer velkommen til ein viktig dag for oss i Normisjon og Acta her i regionen. Vi vonar det kan bli ein dag for deling av informasjon, inspirasjon og engasjement.

Frå Normisjon sentralt møter personalleiar Else Kari Bjerva. Vi skal og ha med oss doktorgradsstipendiat ved høgskulen i Volda, Andreas Tjomsland, som vil halde eit foredrag for oss med tema «Kva kan vi lære av historia vår? – utviklingstrekk i Nordfjord indremisjon frå 1970-2000» med påfølgande samtaler rundt kva dette har å seie for oss i dag.

Årsmøtepapira er offentleggjorde på nettsida vår www.normisjon/sof . Dette for å spare porto. Klikk deg inn på saka "Innkalling til regionårsmøte i Normisjon Sogn og Fjordane". Der vil du finne alle dokument både for Normisjon og Acta. Vi gjer merksam på at årsmeldingar og rekneskap ikkje vert opplesne i si heilheit på årsmøtet. Vi bed alle utsendingar om å lese desse grundig på førehand og ha klar eventuelle spørsmål/ kommentarar på førehand.

Alle som var medlemmar i Normisjon/ Acta i 2019 har tale og stemmerett på årsmøtet.

Valnemda er ikkje ferdig med sitt arbeid endå. Kandidatane vert offentleggjort når dei er klare via våre nettsider og sjølvsagt for årsmøtet når den tid kjem.

Tradisjonen tru, vert det høve til å gje foreiningsgåve under årsmøtet.
Meld deg på til e-post, sof@normisjon.no eller tlf 57 86 63 49. (kontoret har telefontid onsdag til fredag frå 09.00-15.00.)

Vi minner om at alle som skal vere med på årsmøtet, melder seg på innan måndag 23.mars. Påmelding er viktig for klargjering av stemmesetlar og matberekning.

Ver med og be om at dette må bli eit årsmøte til inspirasjon og påfyll til arbeidet vidare
Vel møtt til alle! Programmet står på neste side.

For regionstyret;

Stine L Hopland

Stine Lillebø Hopland, Actaleiar og konstituert regionleiar Normisjon SoFj.

Program for regionårsmøtet 28.mars

10.15: Registrering

11.00: Gudsteneste

12.15 Foredrag Andreas Tjomsland (med gruppesamtaler i etterkant)

(aktivitetar for born vil vere tilgjengelig dersom det er born påmeldt.)

13.30 Middag

14.30 Årsmøtesaker Acta, samt kort samtale/høring ang navnebytte på Acta.

15.15 Årsmøtesaker Normisjon

(aktivitetar for born vil vere tilgjengelig dersom det er born påmeldt.)

16.45 Helsingar frå einingane, div informasjon, mm.

17.15 Kaffi og kaker

18.00 Felles avslutning og bøn

19.00 Ungdomsopplegg (meir informasjon kjem på nettsidene og facebook)

Pris for alle måltid: (vil snart bli offentleggjort på nettsidene)

Årsmøteavgift: 100 kr